


Bergvesenet


Postboks 3021, 7002 Trondheim

Rapportarkivet

Bergvesenet rapport nr BV 3807	Intern Journal nr	Internt arkiv nr	Rapport lokalisering Trondheim	Gradering
Kommer fra ..arkiv	Ekstern rapport nr	Oversendt fra	Fortrolig pga	Fortrolig fra dato:
Tittel Gruvedrifti på Litlabø 100 år.				
Forfatter Helleland, I. J.		Dato 10.04 1965	Bedrift Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag	
Kommune Stord	Fylke Hordaland	Bergdistrikt Vestlandske	1: 50 000 kartblad	1: 250 000 kartblad
Fagområde Historisk	Dokument type		Forekomster	
Råstofftype Malm/metall	Emneord Svovelkis			
Sammendrag				



Bat ved kiskaien på Grunnavånes.



Beltelasting i kiskbåt

I 1865 vart det funne svovelkis på garden øvre Litlabø på Stord. Same året tok dei til med gruvedrift, som mykje godt samanhengande har halde fram til no. Det kan då høva å skriva noko om denne 100-års verksemd, i denne årboki.

I 1860-åri var her sume som for og leita etter mineral i knausane på Stord. Me kan visst kalla dei skjerparar. For det var knapt tilfelleleg leiting, so mange stader det vart skjerpa frå 1865 og utover. Grunnane for at dei leita kunne vera fleire. Det hadde gjerne samanheng med at det var funne både kopar- og svovelkis andre stader. Og folk hadde høyrte gjete funn i Amerika. Elles var ikkje tidene romslegare enn at det kunne koma vel med om folk kunne finna noko verdfullt, i von om velstand. Og som det går fram av ein annan artikkel i denne årboki, har her vore som ein skjerpefeber i Sunnhordland for nett 100 år sidan.

Ei varande gruvedrift vart det berre på Litlabø. Alle dei andre skjerpi gav berre meir eller mindre kortvarige drifter. Det har då og synt seg at gruvene på Litlabø hadde mest kis å ta av.

Litlabø ligg på nordsida av Storavatnet. Det var ein einbølt og noko avsides gard, berg og brot over store vidder. Han rokk frå Dale i aust til Petateigen i vest, og over Litlabøfjellet til Dalskar i nord. — Gammalt attende høyrde han til Smørsætti sine jordegods, som so mange andre leiglendingsgardar her omkring. Om garden ikkje er av dei eldste, er då ein brukar som heitte Jon nemnd 1563. Året 1700 fekk Lars Johannesson Litlabø kjøpa ættegarden. (Saman med Nysæter, Kanalønning og Lunde). Og hans ætt vart sitjande på garden utetter — til dei fann svovelkis i 1865. Her var då kome 2 brukarar på garden: Lars Tolleivsson Litlabø, og Reinert Reinertsson Høyland. (Den siste hadde fått sitt bruk ved

auksjonsskøyte 1860.) Desse vart dei siste bønder på den gamle garden. Her var då samstundes 4 husmannsplassar: Rutle, Kvernavik, Båtsvik og Rossnes.

* * *

Det var Godskalk Nilsson Evanger, (ogso skriven Godskalk Fosse,) og Tørres Bårdsson Dahle, som fyrst fann svovelkis. 12. desember 1865 er det tinglese «2 ertsanvisninger» på garden ø. Litlabø. Det eine funnet er gjort «nord for Svinehougsbrotet i den såkalte Egeklev eller Egebrekke, i stien mod Dale». Det andre funnet var på husmannsplassen Rossnes. Samstundes fann same karane ogso kis på grannegarden Nysæter, som seinare er kjøpt attåt gruvebruket på Litlabø.

Då kisen vart funnen, førde det til eit tidarskifte. Det vart nærmast slutt på det tradisjonelle gardsbruk, med slått og lauving og krøterhald, og åkerbruk med kornmaling i Kvernavik. — No skulle sjølve grunnfjellet verta gjævaste herlegdomen.

Det kom fort folk som ville vinna ut kisen. — Det Bergenske Grubeselskab vart skipa. Godskalk Evanger selde straks sine rettar til dei, for 3000 spd. Tørres Dahle gjekk med i drifti med sin halvpart. For den skulle han ha 200 spd. i året. Han heva sine dalarar i 2—3 år, men så vart avtalen oppsagd.

Lars Tolleivsson Litlabø selde sin del av garden til Det Bergenske Grubeselskab 1866, for 1260 spd. I 1867 skøytte Reinert Reinertsson «sin eiende gårdepart i ø. Lillebøe, med herligheder af enhver art», til A. Pettersen, Bergen, og T. Tønnesen og I. Storesund, Haugesund, for 4000 spd. Men Reinert heldt att Rossnes-skogen i 30 år «om han leved eller boed på Stord sålange». Han byd dei og «fortrinsrett på Valvandets bordsaug — om han skulde blive tilsinde at selge». Kjøparane måtte og svara «det på eiendommen hvilende føderåd, til enken Anna Pedersdtr.: 4 voger havre, 1 tønne poteter, foder af 1 koe og 2 faaer årligen, samt brende, tilsyn og fritt hus.»

Året etter vart det halde overutskiftning på garden,

millom dei nye eigarar. Det Bergenske Grubeselskab var no representert ved konsul Jebsen, sivilingeniør Bruun og sakfører Heidenreich. (Den siste budde på Leirvik). For baa partar var det no fyrst og fremst gruvedrift det galdt; for dei trettast serleg om mutingar hadde falle i det fri eller ikkje. Men eit vitnemål om at ogso ferkvassfiske talde med i dei dagar, er det at fiskerettane vart fastlagde av utskiftningi, soleis: «Fiskeriet i Hustrudalen eies for en halvpart af Reinert R. Lillebøe, og den anden halvpart af Nysæther. I fiskeriet i elven mod Dale eier Dale den ene halvpart og Grubeselskabet den anden halvpart. (Baa desse bekkene var gardsgrenser). I elven på bøen (no Kiselva!) fisker hvert brugs besidder hvert andet år».

No vart det skjerpa og muta omkapp utetter, i alle knausar som synte ei kisstripa i dagen: Ekebrekken, Høgåsen, Rossnes, Tømra, Hjertåssmoget, Bjørnevad, Bjørnåsen, Sadalen, Rødklev, Jappaløken, Dalsløken, Juaholet, Treshaugen, Kvernvik, Kattanes, Fanturen, Løhaugen, Hillarhaugen, Bådden. Og det syner vel den dag i dag at det vart drive på alle desse stadene, og fleire til. (Rossnes II, Kattanes II, Tømra II og III, Ekebrekken II, Sadalen II og Kvernvik II).

På alle desse stadene var det so å segja berre dagbrot: Dei fylgde kisingangen vassrett inn i fjellet. Dei gnura med feisel og minebor, skaut eit og eit hol med minekrut — sidan bomolje og dynamitt. Kis og berg vart skeida (skilde) på plassen. Noko av blandingsberget vart knust med hammar og sleggja for å få ut den reine kisen. Resten gjekk på avfallsdugane, som vart større og større.


Det var folk frå plassane og gardane heromkring som dreiv med dette arbeidet: frå fyrst av på dagløn, kr. 1.50 for 10 timars dag. Men folk var ikkje likare vane enn at dei tykte mon i å få desse skillingane mellom hender. Sidan vart det akkordløner, for å få auka arbeidsytting. Dei fekk då pris pr. tomme for boring, og pr. kasse for rein kis. Sameleis for bering og føring. Dugande folk tykte

no det vart retteleg gode løner, då dei kunne koma over 3 kroner dagen.


I 1870-åri var opptil 70 menn og kvinner i arbeid. Elles ymsa det frå år til år. Når me tenkje på den tids hjelperåder, er det mest utruleg kor mykje kis dei greidd gneka ut or det harde fjellet. I 1872 hadde dei t. d. ein produksjon på 7520 tonn eksportkis, til eit verde av 30 100 dalar, på 56 arbeidarar. — Mest sameleis heldt det seg nokre år. Men so minka det av, til mest ingen ting ved hundreårsskiftet. Heilt 0 var produksjonen i 1904. Og det har hendt berre ein gong til i gruvene si 100-årige saga, nemleg i 1924 — (I den «nye» anleggstid, 1907 — 1911, var det då ogso liten kisproduksjon).

Inntil hundreårsskiftet hadde det vore ei spreidd og tungvint drift. Det var få og lite utvikla hjelperåder. Dertil låg dei fleste skjerp noko langt frå Storavatnet, som til dessar hadde vore den mest laglege «utførsleveg». Fleire av skjerpi låg og i lite framkomeleg lende. Det var knausar og brot og bratte berg, so det var eit slit med bearing og køyring, for å få kisen ned til førsleprammene i vatnet. Alt innom Rødkleiv måtte køyrast over Johannesstolen, og vart so løypt ned til Hestavikjø. — Når dei store firkanta flatbotna prammene hadde full last, var det å slita og slepa dei — med robåtar — ned Storavatnet til utfallsosen i Sagvåg. Derfrå hadde dei ein trallebane bort til Knausen, der kisen vart lasta i skuter som førde han ut. — Gjekk det bra, greidde dei ei førsle over vatnet på dagen. Men hindringar var det ofte; stundom storm, om vinteren vanskar med is, og om sumaren for lite vatn til å flyta gjennom Modløysundet. — Greiast gjekk det i dei skjerp som låg heilt til vatnet: Kattanes I og II, Fanturen og Rossnes. Men av desse var det berre Rossnes som hadde nokolunde mektig kisingang. (Der vart utteke 20 000 tonn ialt.)

Om her i eino var bra mange menneske som hadde sitt levebrød i denne verksemd, var det vanskeleg for eigarane å få lønseråd av drifti. Vel var dei lite kunnige



Horisontalsnitt av kisingangane på 5. sale.



Vertikalsnitt av drift i kisingang.

dei som stod for styringi. Her var soleis ikkje tilsett gruveingeniørar før noko ut i dette hundreåret. Men det avgjerande var vel likevel at kisen på Stord er so mager, og at han ikkje inneheld nemnande andre verdstoff enn svovel og jarn. Ja, det er sagt at ingi onnor gruva i verdi er drivi på so mager malm! Som kisen kjem or berget held han — etter analyse gjennom 52 år — eit megetal på 22,59% svovel. For å verta ei brukande safsvara, må han «anrikast» til ca. 40% S.

I von om større lønsemd sette Det Bergenske Grube-selskab i gong med dynamittfabrikk i 1876. Dei skulle bruka noko av svovelkisen til råstoff. Dei rekna m. a. med å fa selja dynamitt til arbeidet på Bergensbanen. Fabrikken lag oppunder Høgåsen, millom berget og bekken. For å ha lovleg vidde kring fabrikken måtte dei makeskifta til seg Dyråsen av nedre Dale, og kjøpa lille Dyråsen av øvra Dale. Dei kjøpte og alle husi på Kvern-avik-plassen, for 150 spd. Våningshuset var det som har vorte kalla Raubua, og som har stått som eldste huset på bruket, til det vart rive i 1965.

— Dynamittfabrikken gjekk nokre år — men enda med ei ulukka. Han sprang i lufti ein kald måndagsmorgon på etterjolvsvinteren 1880. Av dei 4 menneski som var inne i fabrikken, kom berre ein frå det med livet. Det var Anders Eriksson Stokken. Han fauk på ei dør ut i den vesle myrtjørni som låg der som verkstadplanen no er, og kom til seg sjølv att utan mein. (Anders var fødd i Melkevik 1850. Han for sidan til Amerika, der han levde til han var over 90 år gamal). Dei andre 3 kom bort. Det var fabrikkstyraren ingeniør Tor O. Østensø, Torstein Larsson Isdal, og Jens Frugård. Det var ei skræmeleg ulukka, som skaka folk opp vidt omkring. Smellen høyrdest heilt til Husnes-landet.

No utetter gjekk det knage med drifti. I 1884 fekk M. Koren, som hadde vore kontorsjef i selskapet, auk-sjonsskøyte på heile ø. Litlabø, for kr. 40 053,—. Bruks-eigar Koren budde mest på Leirvik. Han dreiv nokolite gardsbruk ved sida av gruvane på Litlabø. Koren tok og

inn framande arbeidsfolk, m. a. frå Trøndelag. (O. Risvold og Haldor Nilsen). Han kjøpte eit par bygningar frå dei nedlagde gruvane på Bømlo. Ein sette han opp på Kvervikhaugen, til direktørbustad. (Det star den dag i dag, som ingeniørbustad.) Det andre sette han opp i Rossnes, til arbeidarbustad. (Det vart sidan selt til Jensanes.) — Koren dreiv serleg i Rossnes-gruva. Soleis vart mutingane på hovudbølet forsømde.

Ingeniør Lind muta då i Rødkleiv. (Høgåsen.) I 1891 måtte Koren gje han utførsleveg over Johannesstølen og ned til Hestavikjo, i eit gammalt tømmerlaup. — Koren selde frå dei 3 husmannsplassi som var att på garden: Rutle til Otte Pedersson Eskeland, i 1891, Lundal (Batsvik) til Ole Andreasson Risvold, i 1892 og Rossnes til Haldor Nilsen i 1892. (Ættlingane hans skøyte det att-ende til ø. Litlabø i 1937).

I 1894 skøyte brukseigar Koren eigedomane sine til Stordøen Dynamit Compagnie, for kr. 60 000,—. Dette selskapet hadde interesser i dynamittproduksjon andre stader, og kom ikkje til å byggja fabrikk her. Noko sers interesserte i gruvedrift var dei visst heller ikkje, so det vart lite av det og. — Når dei i 1903 selde Litlabø for 12 000 kroner, sette dei den klausul på heile eigedomen, at her ikkje måtte fabrikerast dynamitt.

Frå alle skjerp var det til dessar grave fram 333.758 tonn råmalm. Det hadde gjeve 121.320 tonn eksportkis (konsentrat) med ca. 40% S. — Det sag no nærmast ut til å verta slutt på all gruvedrift.

Ingeniør Lind var då framleis interessert i eigedomen. Men kjøpmennene A. Dahl og O. K. Rydland, og gardbrukarane Sæbjørn Dale og Ivar N. Foyen kom han ei natt i forkjøpet. Dei fekk skøyte på alt ihop for kr. 12 000,—. Dei tenkte ikkje på gruvedrift, men fyrst og fremst på skogen. Dessutan verdiar i hus og lausøyre. — Dei skøyte grunneigedomen til ingeniør H. Lind med ein gong, for mykje godt same sum som dei hadde betalt for det heile. Men utanom det dei kunne selja av hus og lausøyre, heldt dei att skogen under fjellet til uthogst

på 5 år. For skogen på Litlabø vart dette ein hestakur. Den store snauhogsten gav godt grunnlag for ny skog. No, 60 år etter, står det fin og stor skog på alle gode bonitetar.

Men ingeniør Lind rokk ikkje på nemnande gruve-drift, for han døydde året etter, i 1904.

Jenny Lind, enkja etter H. Lind, sat no med eigedommen. Ho handgav det heile til direktør Chr. A. Münster, Bossmo Gruber, i 1904. I 1905 skøyte ho til Münster for kr. 11 216,—. Men attåt skulle ho ha 25 øre pr. tonn eksportkis, «dog ikke under kr. 200,— pr. måned». Ho heldt og att det vakre våningshuset Marieberg, med fleire mål jord omkring.

Bak Chr. Münster stod belgiske gruveinteresser, med finansier H. Fasting i brodden. Og frå no av vart det utanlandsk kapital, fyrst belgisk og sidan tysk, som vart sett i gruve drifti på Litlabø. Ja, som heldt det gåande, heilt til tyskarane tapte krigen i 1945.

Münster var på Stord i mange månader, og sette seg inn i tilhøvi — på alle omkverve. Han gjev ei målande skildring av «natur, tro og folkeliv». Og han har ei sterk tru på at dei rikdomar som her er i bergi bundne, nett er noko å setja pengar i. Då må han rett nok få hit ein slump «slusk». Dei som «drikk for fire, men arbeider for to». — Münster arbeidde ut fullstendige planar for korleis det kunne byggjast ut ei moderne gruveverks-
semd, som skulle gje god lønsemd for eigarane: Loddrett heisesjakt, skeideanlegg, vaskeri, kraftstasjon, jernbane til Grunnavågsnes, kaianlegg m. lager- og lasteplass. Han hadde kostnadsoverslag for det heile. (T.d. for bygnader: Kontor kr. 10.000,— direktørbustad kr. 20.000,— butikk og bakeri kr. 15.000,— funksjonærbustader kr. 15.000,— arbeidarbustader og barakker til 300 mann. 100 rom a 400 kr. 40.000,— Tilsaman kr. 100.000. Hans kalkyle over lønskostnader var og rimelege. T. d.: direktør kr. 10.000,— kontorsjef kr. 4 000,— ingeniør kr. 4000,—, kontorfolk kr. 4000,—. Sum kr. 22 000,—). Den

melding som Münster gav til oppdragsgjevaren i Antwerpen er forvitneleg lesnad.

Om tilhøvet millom innkomer og utloger vart mykje onnorleis enn Münster hadde rekna med, gav han likevel det teoretiske grunnlag som det sidan har vore bygt på, stort sett. Han var ein mann av si tid, og sin stand. Og han kunne like lite som andre sjå inn i den tekniske og samfunnsmessige utvikling som skulle koma. Om det no, 60 år etter, kan segjast at det skulle vore bygt onnorleis — eller ikkje bygt i det heile — var han den mann som gjorde at her vart arbeid og levebrød for mange.

Direktør Münster overdrog eigedomane til H. Fasting i Antwerpen. Compagnie Minière Belge-Norvegienne vart eigar av alle aksjar i A/S Stordø Kisgruber. Seinare vart det overdrege til Zellstoff-Fabrik Waldhof i Tyskland. Det var eit stort konsern for treforedling, som hadde mykje bruk for svovel. Etter norsk konsesjonslov skulle her alltid vera eit fleirtal av norske menn i styret. Men når tyskarane skulle halda alle pengane, vart dette meir «i navnet enn i gavnet». Waldhof kom til å leggja ned nære på 15 millionar kroner i gruvane på Litlabø. Ikkje eit år kunne Waldhof henta overskot av verksemd. Rett nok sette dei sjølve kis-prisane. Men under normale konjunkturar var det visst uråd å få overskot på Stordø-kisen, når heile verket samstundes skulle byggjast ut. «Berre når kisprisane er sers høge kan verdens magtaste gruva gå med lønsemd», har det vore sagt.

Det allermeste av denne «tyskartidi» var ingeniør Carl Nielsen direktør ved Stordø Kisgruber. Med fast hand sat han med styrevolen i 33 år, til sept. 1944. Han hadde eit allsidig skyn, ei arbeidsevne og ein viljestyrke som var langt utanom det vanlege. Mange sa det var eit «prøysarregime» han stod for. Likevel vart her ein fast arbeidsstokk i hans tid. Vel mest fordi direktøren sette minst like store krav til seg sjølv som til sine medarbeidarar. På trass av pengevanskar, arbeidsstogg, streikar og lockout som nære på årlege hende, vart heile verksemd bygd opp desse åri. Dertil var alt so velhalde og skap-

leg å sjå til, at det gjekk gjetord om gruvane på Litlabø.

Ved freden i 1945 kom gruvane under Direktoratet for fiendtleg eigedom. Det var vanskeleg om folk til å halda produksjonen oppe, og det var vanskeleg å verta av med kisen. Det var heller ikkje nokon som ville kjøpa gruvane. Ordningi vart at staten overtok det heile. Dermed vart A. S Stordø Kisgruber eit norsk selskap, under industridepartementet. Gjeldi til Tyskland (5,8 millionar til Waldhof) vart stroki, og aksjekapitalen sett til 3 millionar kroner. Det var rekna med at verksemd i då skulle vera verd 15 millionar, so det var på rimelege vilkår selskapet tok til på nytt.

Bergingeniør Steinulf Smith Meyer vart sett til direktør i 1944. Straks krigen var over, vart det avsetnadsvanskar, og det meste av 1946 arbeidsstogg. Men litt etter kvart tok det til å gå på fram att med gruve drifti og — som på so mange andre omkverve. Mest hadde det vel å segja at det var sers gode konjunkturar på verdsmarknaden, med høgare prisar på ssvovelkis enn nokon gong. Og då A. S Stordø Kisgruber høgtida 50 års jubileum i 1957, var det stor stas og velstand.

Då direktør Smith Meyer fall frå i 1954, vart bergingeniør Anen B. Boe sett til direktør. Og frå 1963 har bergingeniør Per C. Sandberg vore direktør.

Nett no ved 100-årsleitet for gruvane, er dei ingen lukrativ foretning, då kisprisane er so låge. Men staten har då mange år kunna henta 6% utbyte på sine aksjar. Og store verdiar ligg her. Framleis er her mykje kis å ta av. Men han er like mager som han har vore. — Etter ein generalanalyse av 66 000 tonn eksportkis i 1943 gjev direktør C. Nielsen opp desse tal :

S	38,88%	P ₂ O ₅	0,205%
Fe	41,07%	CaO	0,04%
SiO ₂	10,62%	MgO	0,73%
C	2,38%	MnO	1,56%
Cu	0,05%	Zn	0,03%
Pb	0,02%	TiO ₂	0,30%
As	0,094%	Na ₂ O + K ₂ O . .	1,50%

Som me ser er det ingi gullgruva som er drivi på Litlabø!

Når me ser på kva som er gjort i desse 100 år, må det segjast å vera grove ting : Det er i alt brote ut 7,53 millionar tonn råmalm. Av det er produsert 3,32 millionar tonn eksportkis. Det er drive ut 8,25 mil stollar, orter og sjakt. Heisesjakten går no ned til XVI sale, 720 m. djup.

Dette som her er halde fram, er noko av det ytte resultatet av 100 års verksemd i gruvane. Men me skjonnar at her har mange menn teke tunge tak, med møda under magre vilkår, for at mange munnar skulle verta metta. — Det var ikkje vegar til Litlabø den tid dei tok til med gruva. Berre kronglutte stigar over hump og hamar og dump og dike. Der for dei med sjålykt i morgongry og seine kveldar. Frå sørsida rodde dei vatnet, når det ikkje var meinis. Då laut dei ga rundt, om Grautastegen eller Krakateigen.

I dei fyrste 50 år var so og segja alle arbeidsplassar under berran himmel. Det var sikkert surt ofte, i vestaver og væta. Me veit det var skralt med både klede og sko i dei dagar mot no. Dei var nok sæle når skiftet slutta. Ei herme som endå høyrer her i grendi når folk sluttar arbeidet for dagen, lyder so : «Nei, det er kveld i Rossnes.»

Då gruve drifti kom «under dagen», fekk folk tak over hovudet og jamnare temperatur. (7 gr. C heile året). Men arbeidet nede i gruvane har alltid hatt noko nifst og uhugleg over seg; svarte berget, der vatn surkla og atterljom dunde, bratte våte vegger i ortene, og stygge steinurder i strossene. Skite og sølesamt var det stride strevet. Berre kvitaua skein kvitt når dei kom av skiftet. Og lenge laut dei fara heim med all denne dust og dumba, og turka det opp på kjøkenet i dei små husværi. Det største sosiale framsteg kom då badet vart utbygt, so folk kunne koma reine heim.

Men kor slitsamt det var, mange vart verande her. Anten gruvane bar seg eller ikkje, har alltid nokon funne si føda her. Opptil 400 på det meste, og ned til nokre få

stundom. Nett no er her vel 130 tilsette.

Sjølvsagt kom her folk som hadde «lopper i blodet». Dei var nomader som lite kunne roa seg, men var stadig på leit etter betre beite. Med soveri innstilling var dei gjerne noko likesæle med sitt ferdalag og rykte. Den sorten var det vel som gjorde at det stundom «stod stygg av gruvedfolket». Men dei som gav seg til, vart og «godkjende» mellom bygdefolket. Når dei då vart verande her i fleire generasjonar, segjer det seg sjølv at det vart slutt på «slusken», anna som eit halvt heidersnamn.

Verksemd i har elles hatt ei merkeleg evne til å halda på sine folk. Særleg når me tenkjer på kor ofte det var stans og smalhans. Ikkje mindre enn 58 menn har vorte heidra med Selskapet for Norges Vel si medalje for lang og tru teneste.

Leiarane har hatt ei stor evne til å få alle til å yta sitt beste. Mest med at dei sette so store krav til seg sjølve. Det var ingen som sat på toppen berre for å jaga på. Det gav ei kjensla av at alle rodde i same båt, og at alle kvar for seg hadde noko nyttig å utføra. Det gav og eit visst samhald, både inner og utetter.

Som på alle andre omkverve synest store framsteg på desse 100 åri. Før 1905 var her berre 5—6 våningshus på gruvene. Arbeidarane budde rundt omkring på gardar og plassar. Ettterkvart bygde verket bustader; til no bortimot 100, med kring 150 husvære. Men mange av arbeidarane har og bygt sine eigne heimar. Verket gav fri grunn på Nysæter. Til no har kring 40 bygt her. Heile Nysæter har soleis vorte som ein ven hageby. Men mange har og bygt utanfor. Det som før var einboite gardar, har no vorte ei grend og ein skulekrins; med 2 skulehus, Samfunnshus m. bibliotek, samvirke-lag, vassverk og vegar.

Dei tekniske framsteg er og påtakelege; frå feisel og minebor til langhols-boremaskiner, frå krafsa og trog til Eimco lastemaskiner, frå sleggja til Morgårdshamar grovtyggjar, frå berebarar til bilar og elektriske lokomotiv, frå firkanta forslepramar til elektrisk jernbane, frå

handlasting til beltelasting i båtane, frå skjålykter til batteriljos på hjelmen. I gruva har arbeidstidi vorte nedsett frå 60 timars veke til 40 timars veke.

Gruvene på Litlabø var lenge største verksemd i på Stord. Det er å vona at dei vil vera drivverdige lenge.

Litlabø, 10/4 1965.

I. J. H.

KJELDER :

«Stordø Kisgruber 1907 — 1957»

Ymse dokument på Stordø Kisgrubers kontor.

Munnleg tradisjon frå eldre folk.

Arne Stuland sine arkivgranskingar for Bygdebok for Stord